

— Lagsblad —

Nr. 8

November 1932

15 året

LIVSTANKAR

Når lengten den strøymer i hugen so heit,
då vaknar so vent mangt eit minne.
Det brenn og det logar, eg mest ikkje veit
kva draumkjensla sjeli hev inne.
For attum det heile seg løyner so mangt
av minne som hugen hev dára.
Det kjennest i bringa so tungt og so trangt,
for sjeli er sliti og sára.

Når livet deg møter med song og med smil
og gleda i hjarta fær strøyma,
då kastar du ut både otte og tvil,
at slikt noko finst vil du gløyma.
Du lever for stundi din solljose dag
og hugen finn kveikjing og styrke. — —
Då yver deg sjølv ligg eit drøymande drag
og sæla ho gyller ditt yrke.

Når livssoli glytter so smilande mild
og syner meg gildaste gåva.
Å kunde eg berre. — — Eg taka den vil
og truskap til livsyirket lova.
Å kunde eg finna mitt rom, då min draum
vert røyndom, då åtte eg fagnad.
Å kunde eg standa so rett eg gav gaum
når livslukka baud seg som lagnad.

Eg veit at eg hev 'kje fortent det so stort,
men hugen min lengtar og drøymmer.
Eg veit det so vel, eg forlite hev gjort,
min veikskap eg slett ikkje gløymer.
Å kunde eg støypa deim saman til eit
bå' livet og lagnad og draumen. — —
Då ljøsna nok tanken: Det range vert rett,
då bar han meg — — livslukke-straumen.

Karl Myre.



Frå bladstyraren.

Neste nr. av lagsbladet kjem umlag 20ande desember. — Då skulde det høvt godt um det kunde kome i litegrand betre utgåva. — Ei liti jolehelsing til lagsfolki var ikkje meir enn rett og rimeleg. Men det er ikkje so liketil å skaffa det stoff som trengst. Som me veit so er der ikkje løyvt pengar til skrivehjelp og lagsbladet lyt då berre vona på den studnad som godhjerta folk hev høve til å gjeva, attåt dei tomrom som eg sjølv hev plikt på å fylla.

Eg kann ikkje løyna at desse tomromi er vortne temmeleg store i det seinaste, men so lyt eg trøysta meg med at kvar lyt draga det lasset han let seg fyrespenda.

No er det ikkje meiningi mi å koma med vondord: Vil berre minna deim som hev lova å skriva at dei gjer ålvor av det til nummeret fyre jol. Samstundes bed eg so mange som berre kann og vil at dei gjer sitt til at der kann verta litegrand fest og jolestemning i sidste bladet dette året. Storleiken fær me laga etter bladmaten. Manuskripti lyt vera innkomne seinast 10ande desember.

Vyrdsamt

K. M.

Vert det nyårsfest dette året?

Det kann ikkje nektast at me dei tvo siste åri hev havt gilde jole-trefestar, men trass i dette er nyårsfesten vorte sakna av mange lagsfolk. Sjølv tykkjer eg at me hev brote ein gamall, god tradisjon med sløyfingi av den minnehøgtid som årsskiftet skulde vera. Eg trur ikkje at me greider å finna på noko som er betre enn fest på nyårsaftan. At me sjølve festar privat og gjev oss ein god dag i den hybelbuande landsungdom i byen trur eg ikkje er rett. Det er gildare å samlast i B u. l. enn til å driva upp og ned i gatorne og sjå på all toskeskap og mindreverdug kultur som plar syna seg på slik ein kveld.

Sume vil kanskje meina at det vilde verte ein underskot fest og det hev ikkje laget råd til. Det vert halde fram at musikken tek mesteparten av innkomene og då er det lett å skyna korleis resten av rekneskapen kjem til å sjå ut. I samhøve med musikspursmålet vil eg her få lov å peika på dei tingi som er skuld i at inngongspengarne er i største laget og enno er det vandt å få festane til å bera seg økonomisk. Um me no freista å vera litt meir smålåtne og ikkje lagde so flott i veg når me skulde hava eit lite gilde.

Tvo, tri mann til å spela på festen er slett ikkje turvande. Ein

pianist greider dette arbeidet so framifrå godt. Kva me sparer med dette på musikkposten kann kvar med seg rekna ut. So var det maten. Smørbrødfestane våre er diverre vortne drivne so til topps at mange festnemder hev funne ut det vert billegare med middag. Dei våga seg ikkje til å koma med billegare smørbrød, for då vert det kritisera i det vide og breide. Slike kritikkarar skulde me bera yver med eller ikkje høyra på, for dei syner med dette at dei sume tider gløymer at dei høyrer til i B.u.l.

Der er mange slag smørbrød som ikkje vert sers dyre, dei tek seg fint ut på bordi og smaker kanskje likeso godt som deim til umlag den dobbelte pris. Vert der nokolunde folksamt kunde ein trygt setja prisen til 1,50. Ein smørbrødfest vilde likevel bera seg dersom sparingi vert på den måten som her er nemt.

l. e.

Nytt spelstykke.

Sundag den 27. november syner spellaget fram spelstykket „No brenn det“ av Harald Smith Novik. Det er både morosamt og rikt på godt innhald, etter dette å døma hev det krav på stor åtgang. Truleg vert dette siste spelkvelden i det gamle året. Me vil derfor på det beste tilråda lagsfolk at dei fær vener og kjenningar med seg so det kann verta fullt

hus og god stemning. På den måten gjev me spelarane betre mot og arbeidet deira på telet gjeng so mykje lettare. Etter spelstykket vert det fyredrag av bladstyrar Holm Isaksen i „Tingakrossur“. Denne vyrde gjest frå Færøyane lyt alle nytta høvet til å høyra.

Tenkjer me oss um so skyner me kanskje litegrand av alt det slitsame arbeidet som spellaget hev. Dei store utlegg som laget årleg hev både til eigi drift og til ytingar til mange gode fyremål treng nett eit slikt spellag som kann skaffa so mykje pengar til lagskassa som dei no i det seinste hev gjort. Kann me ikkje stydja spellaget på noken annan måte so lyt me i minsto møta mannjamt fram og syna at me set stor pris på arbeidet deira.

Kva dei kjem til å bjoda oss i det nye året veit me enno ikkje, men visselig fær me mange gilde spelkveldar utetter vinteren. Sers ynskjeleg vilde det vera um fleire lagsfolk melde seg til tenesta. Det vert so mykje lettare å arbeida når ein hev folk nok so ein imillum desse kann freista å finna ut kven som høver best i den eller hin rolla. Di fleire som er med, di mindre strev vert det for den enkelte, og like eins meir forvitneleg å sjå nye folk på telet. So lyt me heller ikkje gløyma at alle lagslemer hev plikt på seg når det gjeld arbeid som kann fremja laget sin vokster.

Saklista




- 27/11 Fyredag av Holm Isaksen.
Framsyning av spelstykket: No brenn det.
- 1/12 Leikmøte. Kaffi og kringla. Bondeguten.
- 4/12 Fyredrag av dosent Olav Midttun: Bjørnstjerne Bjørnson.
- 8/12 Bjørnsonskveld.
Tale av Arne Espeland. Solosong av fru Hjort Andreassen.
Pianomusikk.
- 11/12 Tilstelling til bate for fatige born.
Sundagsnemndi tek det på seg.
- 15/12 Griegkveld ved Arne Bjørndal.

Styret gjer framlegg um å halda nyårsfest nyårsafta og joletreffest laurdag 7/1 1933.

Nemnd for nyårsfesten: Ole Nærheim, Einar Nordaker, Bjarne Ledal, John Johnsen, Sigrid Århus, Borghild Folkvord, Ruth Johnsen, Margrete Nymann, Dagfrid Hatleskog og Ingebjørg Hatleskog.

Songarlaget hev øving kvar måndag kl. 1/29.

Boksamlingi. Bokutlån kvar måndag frå kl. 1/28—9. Denne glide boksamlingi bør alle lagsfolk nytta.



Gå til Mostun

Ope kvar dag frå
kl. 10—23.

Musikk søndag og tysdag
frå kl. 20^{1/2}—22^{1/2}.

Utgjeve av Bondeungdomslaget, Stavanger.

S. Undems Boktrykkeri.

Gjev lukka handi.

Kjøp luter i Landslutspelet og vinn 1 Citroenbil, 1 Volvobil, 1 funkismøblemang, 1 tur med «Stella Polaris» til Middelhavet, 1 orgel, 1 reisegrammofon, 1 radioapparat, 1 elektrisk komfyr, 1 sykkel, 1 gullur eller nær sagt kva De ynskjer Dykk. I alt 3000 vinstar. Kvar lut kostar berre 50 øyre.

Alle som kjøper luter for 5 kr. i ein gong fær ein lut fritt på umframtvinsten. Dei som kjøper luter for 10 kr. fær tvo friluter på umframtvinsten.

Lutdraging 12. desember 1932.

Dragingslista vert sendt fritt til alle som kjøper luter for minst 10 kr.


Luter fær ein kjøpa beinveges frå Landslutspelet, Oslo, eller hjå våre umbodsmenn i bygd og by kring heile landet.

Sjå plakatar på kvar stad.

LANDSLUTSPELET

Nordal Brunsgt, 22, Oslo.

I Stavanger fær ein luter hjå skrivaren i Bondeungdomslaget, på Matstova, Øvre Holmegt. 20, Kaffistova, Torget 6 og Kaffistova, Østervåg 25.



Presanger! Bryllupsgaver!

Alle slags SØLVSKER og GAFLER moderne mønster samt

Forlovelsesringe
i største utvalg

Gullsmed Martin Soma

ARNEAKEREN

TETEFON 765



Landbruks- og Hagebruksbøker

alltid på lager.

K. OPSANGERS BOKHANDEL

Kirkegaten 11, Stavanger

RØKEARTIKLER

bør kjøpes i en specialforretning

Vi har det største utvalg
og priserne er rimelige

HAVANA MAGASINET

Kirkegaten 1.

LIVSTRYGDELAGET ANDVAKE.

(Noreg -- Island)

Alle slags livstrygging, gode vilkår. Andvake nyttar berre norske i alt arbeid, og styt gode norsk måltiltak. Ålvorlege målfolk kjem difor meir og meir til det at det er til bate for både dei sjølv og saki deira å ta tryggingane sine i

Andvake.

Agentar i Stavanger:

Gunhild Bjerkeim, Lars Bjørheim,
T. Goa, Alfred Lovik, Magnus Våge,

Ingi gáva

pryder

som blommar frå

Blomsterhallen

O. THORSNES

KIRKEGATEN 42 - TELF. 3690

Alle slags skotøi

Billigt og godt! Gjør et forsøk.

J. Østebø

Telefon 1873 **Stavanger** Verksgt. 2

Parafin hengjelampor

Ell. ljosekronor

Steinty - Postelin

Glasvaror

En gros

En detail


MASKIN-

HUSET

Indeh. Thorvald Veir

Bredgaten 9

Stavanger




»DURKOPP«

Drikk

Varhaug

Kulturmilk



**Foto-
artikler**

Fremkalding - Kopiering

A. T. GREVE

Kirkegaten 8

GODT DRIKKA!

Hjå meg kann De få kjøpa brus, selters, boco, søt og sur
saft, eplesaft, Vyrterøl frå Aktiebryggeriet (A. B. C.)

Løna med fleire medaljor

Telefon
727 k

GUNNAR LØVIK

KONGSGATA 36

Telefon
727 k



*Dette firma har byens største utvalg
i slagverk og jassinstrumenter.*

Avbetaling innrømmes

H. T. RUUD A.s

Kirkegaten 40

N. AARRESTAD

BERGELANDSGT. 20

TELEFON 772

**Colonial- og
Fedevarerforretning**

R. G. Klovning

Breigata 20 :: :: :: :: ::

KOLONIAL

Hampegarn - Bomullsgarn

SNØROR - TOGVERK

OLJEKLÆR.

A. Mauland A/s

Klostergaarden

Telefon 2645

Elektrisk Forretning

Radioapparater



Engelsmindegt. 15 — Telf. 3119

LARS BØ

ELEKTRISK INSTALLATIONSFORRETNING

A. IDSØE

Telefon . . 102 - 458

Rigstelefon 3020 - 3089

**KJØD- OG PØLSE-
FORRETNING :: ::**

ETABL. 1828

OLAV HAMRE

TELEFON 3440 — NYTORGET

Alle slag Tobakkvaror

Stort utval av

Sjokolade - Drops - Frukt

*For ikkje mange år sidan høyrde
ei bokbu til berre i byen.*

*Endå er det ikkje lett å driva
ein god bokhandel på landsbyggi
Difor hugs å kjøpa det du treng
i min forretning istadenfor å senda
tingingane til byen.*

Jonas Jørstad

Bokhandel — Papirhandel

BRYNE.

Solo



MARGARIN

Det beste

De fær for pengane!

SS



MARGARIN

STAVANGER SMØRFABRIK.